

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato:	18.06.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 09:30 - 17:10

Medlemer som møtte	Parti
Anita Andrine Skjold Hellesø	Arbeidarpartiet
Espen Stølsnes Harkestad	Arbeidarpartiet
Marianne Sandahl Bjørøy	Arbeidarpartiet
Rebekka Bjelkarøy Moldøen	Arbeidarpartiet
Silje Ulveseth	Arbeidarpartiet
Stian Oen	Arbeidarpartiet
Anfinn Hammer Feng	Fremskrittspartiet
Anita Garlid Johannessen	Fremskrittspartiet
Kristin Børve Jacobsen	Fremskrittspartiet
Marit Fjæreide	Fremskrittspartiet
Svein Otto Jacobsen	Fremskrittspartiet
Sølvi Anita Schei	Fremskrittspartiet
Andreas Kallekleiv	Høgre
Anita Vindenes	Høgre
Beate Bjelland	Høgre
Ernst Morten Einarsen (permisjon kl. 13.40 etter sak 068/26)	Høgre
Inge Kausland (permisjon kl. 13.40, etter sak 066/26 og i saka 067/26)	Høgre
Michael Sangolt	Høgre
Nils Kåre Skoge	Høgre
Renate Toft	Høgre
Rikard Toft Ledang	Høgre
Robert Kaupang Sæle	Høgre
Silvia Haugland	Høgre
Stian Telle (permisjon frå kl. 16.30 til PS 078/76)	Høgre
Synne Nordøy (permisjon til kl. 12.00)	Høgre
Tom Georg Indrevik	Høgre
Robert Krondorfer	Industri- og næringspartiet
Robert Lund	Industri- og næringspartiet
Sverre Svindland Myrekrok	Industri- og næringspartiet
Eilert Olai Hellesøy (permisjon frå kl. 12.40 under saka PS 062/26 - tilbake i møtet til PS 070/26), kl. 14.55)	Kristeleg folkeparti
Helge Nilsen	Kristeleg folkeparti
Ingvill Kvalsnes Blom	Kristeleg folkeparti

Andreas Ormevik	Miljøpartiet Dei Grøne
Karin Florence Bjærum	Pensjonistpartiet
Børge Haugetun	Sotralista-TVØ
Jan Utkilen	Sotralista-TVØ
Nina Glesnes	Sotralista-TVØ
Sølvi Kobbeltvedt	Senterpartiet
Jonas Aleksander Foldnes	SV - Sosialistisk Venstreparti
Elizabeth Toft Erichsen	Venstre

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Espen Cornell Jacobsen	Ap	Liv Edel Mikkelsen	Ap
Trond Ågotnes	INP	Ørjan Gjøn	INP
Nils Bjarte Sæle	R	Elisabeth H. K. Lie	R
Symphorien Pombe	SV	Marianne Rosenvold	SV
Christian Daae-Hansen	Uavhengig	Kjell Arne Skålevik	FrP

Desse møtte frå administrasjonen:

Kommunedirektør Johnny Breivik, kommunalsjefar; Anne Erdal, Marius Sylta, Silje Haukedal, Anne-Merethe Vabø Haugane, Elin Helland-Jooste (delar av møtet), Monica Pedersen (til sak 062/26), Svend-Fredrik Untiedt (til sak 078/26)

Møteleiar	Tom Georg Indrevik
Møtesekretær	Beate Hetlevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
060/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
061/26	Referatsaker og orienteringer	
062/26	Etablering av storkjøkken ved ny sjukeheim på Straume og utvikling av kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune	
063/26	Budsjettjusteringar 2026	
064/26	Kostra-analyse 2025	
065/26	Øygarden Bustadforvaltning KF - Årsmelding og Årsrekneskap for 2025	
066/26	Årsmelding og årsrekneskap 2025 for Øygarden kommune	
067/26	Fleksibelt barnehageopptak - prinsipp og moglegheiter	
068/26	Øygarden 2040 - oppdatert investerings- og driftsanalyse	
069/26	Tilslutning til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2027 - 2029	
070/26	Framskaffing av 40 omsorgsbustader – oppfølging av KS-sak 099/25	
071/26	Sluttbehandling av detaljregulering for RAN seglbåthamn - GBNR 37/8 m.fl. - Anglavika	
072/26	Rådhusomta - Oppstart av salsprosess	
073/26	Flytting av politisk møteverksemd	
074/26	Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO	
075/26	Uttale til Statnett si utgreiing av nye sørlege traséalternativ mellom Samnanger og Øygarden transformatorstasjonar	
076/26	Fritak frå politiske verv og suppleringsval – Hanne Vik Skare (FrP)	
077/26	Interpellasjonar og spørsmål	
078/26	Anbod - pensjonsleverandør for Øygarden kommune frå 01.01.27	Ikkje offentleg

060/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Kommunestyret 18.06.2026

Behandling i møtet

Lukking av møtet

Organet skal vedta å lukke eit møte når det behandlar saker eller orienteringar som inneheld opplysningar som er omfatta av lovbestemt teieplikt.

Ordføraren spurte kommunestyret om å lukka møtet ved denne saka då ded er omfatta av lovbestemt teieplikt slik:

Tema/sak	Heimel for lukking
Orientering om status for avtalar knytt til flytting av godshavn til Ågotnes	Kommunelova § 11-5 Offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13 første ledd nr. 2
PS 078/26 - Anbud - pensjonsleverandør for Øygarden kommune frå 01.01.27	Kommunelova § 11-5 Offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13 første ledd nr. 2

Kommunestyret vedtok samrøystes å lukka møtet under den ovannemnde orienteringa og saka.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 060/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

061/26: Referatsaker og orienteringer

Forslag til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

Digitalisering helse og velferd v/Kjell Fyllingen og Jørgen Kausland

Status for avtalar knytt til flytting av godshavn til Ågotnes - kommunestyret lukka møtet under orienteringa som kom i siste del av møtet.

Rikard Toft Ledang, Anita Vindenes og Andreas Ormevik retta ein førespurnad om habilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd, då dei er tilsette i verksemdar som har interesser i ei godshavn. Kommunestyret innvilga førespurnaden samrøystes. Under orienteringa deltok 40 representantar då Ernst Einarsen (H) og Stian Telle (H) i tillegg til dei inhabile. hadde permisjon.

Ordførar Tom Georg Indrevik orienterte om desse sakene:

Statkraft / kraftlinjer

I midten av mai vart årets Statkraft-konferanse gjennomført. Hovudtemaet var beredskap og forsyningstryggleik. Dette er avgjerande også for vår kommune. Vi har behov for ei tredje kraftforbinding til Kollsnes så raskt som mogleg, av to grunnar: betre beredskap og moglegheit for industriutvikling. Dette hastar. Difor er det utfordrande å følgja debatten som no går om nye utgreiingar. Her må staten skjera gjennom slik at løysinga kjem på plass så raskt som mogleg.

Beredskapsrådet

I slutten av mai hadde vi møte i det lokale beredskapsrådet. Dette er eit viktig organ for samhandling og informasjonsdeling lokalt. Denne gongen gjennomførte vi heile møtet som ei øving, i regi av Statsforvaltaren. Vi er framleis inne i totalberedskapsåret. Beredskap er ikkje berre eit offentleg ansvar – det er eit ansvar vi alle deler. DSB har nyleg laga ein [ny rettleiar "Kommuners og fylkeskommuners roller og ansvar i sikkerhetspolitisk krise og krig"](#).

Rong – aktivitetar for ungdom

Siste veka i mai hadde vi eit svært godt møte med ei gruppe på Rong som ønskjer å skapa aktivitetar for ungdom i området. Dette er eit prosjekt vi ønskjer skal lukkast. Ordføraren håpar å kunna koma tilbake med meir informasjon etter sommaren.

Danielsen skule – 25 år

I år feirar skulen 25 år. Ordføraren fekk delta på ei markering for elevane, noko som både var kjekt og innhaldsrikt.

Avinor – dialogmøte

For nokre veker sidan hadde vi eit dialogmøte med Avinor. Temaet var, ikkje uventa, helikopterstøy. Det var eit godt møte, og vi vart einige om å halda fram dialogen vidare.

Stafett for livet- Arrangement på Ågotnes 6. juni

Arrangementet hadde rekordstor deltaking med om lag 4 200 deltakarar. Dette har vorte ei sterk og viktig markering.

Ordføraren rettar ei stor takk til arrangørane – og ikkje minst til alle som deltok.

Kystmuseet og Kollsnes – 30 år

Denne veka markerer vi at både Kystmuseet og prosessanlegget på Kollsnes er 30 år. Desse har, som kjent, ein tett samanheng. Kollsnes vert markert 19. juni. Betydninga av dette anlegget er større enn nokon gong.

Ordføraren deltok på **sommaravslutning tysdag for Dale Oen Experience**

Ordføraren deltok på **sommaravslutning onsdag og torsdag - Sotra vidaregåande skule**

Sotra vidaregåande skule – prosess

Fylkestinget har hatt møte denne veka og har mellom anna drøfta investeringar. I eit vedtak i går peikar dei på at fleire investeringar kan verta utsette. Når det gjeld ny vidaregåande skule, er dette heilt uakseptabelt. Eg vil difor be om møte med den politiske leiinga i fylkeskommunen så raskt som mogleg for å ta opp saka.

Skule

Lenke: [Rapport frå Riksrevisjonen - Kunnskapsdepartementet sitt arbeid for å styrkje lese-, skrive- og rekneferdigheitene hos elevane](#)

Kunnskapsdepartementet har over tid sett i verk ei rekkje tiltak for å forbetra skulen. Eit hovudmål er at elevane skal få gode grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skrivning og rekning etter grunnskulen. Undersøkinga viser at, trass i mange tiltak og høg bruk av ressursar, har mange elevar framleis svake grunnleggjande ferdigheiter.

Kommunale helse- og omsorgstenester til eldre

Lenke: [Rapport frå Riksrevisjonen - Kommunale helse- og omsorgstenester til eldre](#)

Mangelfull planlegging i helse- og omsorgssektoren i kommunane kan få alvorlege konsekvensar for innbyggjarane. Det er kritikkverdig at departementet ikkje har kontrollert godt nok om kommunane er førebudde på dei demografiske utfordringane.

Pride-arrangert på Straume 20. juni - Tog frå Sotra Arena klokka 13.00.

Møte i kommunestyret 24. september vert flytta til onsdag 23. september

Kommunedirektør Johnny Breivik orienterte om desse sakene:

KOFA-uttale - anbod for Nye Fjell ungdomsskule (RS-sak 30/26)

KOFA meiner tilbodet frå Veidekke skulle vore avvist grunna manglande oppfylling av krav i TEK17. Dette står i kontrast til vurderingane frå både leverandøren og eksterne fagpersonar, som meiner krava er oppfylte. Kommunen held fast ved at prosjektet skal oppfylle alle forskriftskrav.

KOFA si uttale påverkar ikkje framdrifta. Den nye ungdomsskulen skal stå klar til skulestart i august 2028, slik planen er.

Kommunen vil evaluera korleis situasjonen kunne oppstå. Konkurransforma med pris og design krev at tilbydarane sjølve finn gode løysingar, men KOFA si tolking gjer forma vanskeleg å handtera i praksis.

- **Digital heimesjukepleie**

Øygarden er innføringskommune i eit nasjonalt prosjekt for digital heimesjukepleie. Løysinga gjer det mogleg med digitalt tilsyn og tett oppfølging, noko som kan gi meir sjølvstende for brukarar og meir effektiv teneste. Erfaringar frå Moss viser auka sjølvstende hos brukarar og tidlegare oppdaging av forverring.

Tal på brukarar har auka raskt etter oppstart.

- **Økonomisk status (per mai)**

Den økonomiske statusen per mai er betre enn periodisert budsjett. Helse og velferd er tilnærma i balanse trass auka kostnader, medan finansområdet ligg under budsjett. Samla ligg resultatata over budsjett, og økonomien er under kontroll.

- **Prosjektet «brubyggjaren»**

Prosjektet skal styrkja samarbeidet mellom tenester for barn og unge.

Det har fått 2 mill. kr i støtte frå Statsforvaltaren, noko som gjer det mogleg å auka innsatsen.

- **Samarbeid med UiB – praksisplassar**

Kommunen har inngått avtale med Universitetet i Bergen om praksis for legestudentar i sjukeheim.

Tiltaket skal både styrkja tenestene og bidra til rekruttering av framtidige sjukeheimslegar.

- **Øygarden 2040 – langsiktig planlegging**

Planen gir oversikt over framtidige investeringsbehov.

Kommunen vurderer å utvida økonomiplanen til 10 år for betre samanheng og meir berekraftige prioriteringar.

- **Oppfølging av barnevernssak**

Kommunen har klagt statsforvaltaren si handtering til departementet. Helsetilsynet vil følgja opp saka, og det er planlagt møte tidleg i haust.

Det var ingen merknader til orienteringane.

Eventuelle presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 061/26

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

062/26: Etablering av storkjøkken ved ny sjukeheim på Straume og utvikling av kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

- Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume.
- Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med ei eiga sak om framtidig og samla kjøkkenstruktur i Øygarden kommune når arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Tilleggsforslag Lisbeth Hjortland FFO

RFF støttar forslaget frå kommunedirektøren om å etablere storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.

Samstundes vil vi understreke at det er viktig å involvere dei som arbeider ved sjukeheimane i den vidare prosessen når ein skal vurdere den samla kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune, etter kvart som arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

Behandling i møtet

Votering

Tilleggsforslag frå Lisbeth Hjortland (FFO) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 023/26

RFF støttar forslaget frå kommunedirektøren om å etablere storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.

Samstundes vil rådet understreke at det er viktig å involvere dei som arbeider ved sjukeheimane i den vidare prosessen når ein skal vurdere den samla kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune, etter kvart som arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

Fellesforslag Berit Anita Knudtsen Larsen SH

- Eldrerådet understrekar at mat og måltider er ein sentral og viktig del av kvardagen for bebuarene. Dette har stor betydning for ernæring, trivsel og livskvaliteten.
- Prosjektgruppa sin rapport viser i samandraget sitt at kjøkkentenesta ved sjukeheimane i hovudsak fungerer tilfredsstillande og med gjennomgåande gode mat- og måltidstenester. Dei leverer òg på spesialkost.
- Eldrerådet vil difor tilrå at kommunen opprettheld ein desentralisert kjøkkenstruktur ved dei aktuelle institusjonane, sjølv om det vert bygd eit nytt storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.

Varm mat heim vil vere eit sentralt tilbod så lenge det er eit mål at eldre skal bu lengst mogleg i eigen heim. Den nye sjukeheimen må ha eit kjøkken som dekkjer aukande behov for slike tenester, samstundes som dei andre sjukeheimane dekkjer eigne nærmiljø. Sjukeheimane si kompetanse på eldre og ernæring må stå sentralt når desse tenestene skal utviklast og gjennomførast. Eit nytt storkjøkken må ha kapasitet til å levere mat til heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetjing.

På denne bakgrunnen vil elderrådet tilrå at punkt 1 i kommunedirektøren si innstilling får følgjande forsterka ordlyd:

- Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume, men vil halda fast på noverande ordning med desentraliserte kjøkken.

Behandling i møtet

Votering

Ulike forslag frå Jan Utkilen, Sverre Bungum og Berit Anita Knudtsen Larsen vart omforma til eit fellesforslag som vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Eldrerådet 28.05.2026 - saksnr. 025/26

Eldrerådet har slik tilråding i saka:

- Eldrerådet understrekar at mat og måltider er ein sentral og viktig del av kvardagen for bebuarene. Dette har stor betydning for ernæring, trivsel og livskvaliteten.
- Prosjektgruppa sin rapport viser i samandraget sitt at kjøkkentenesta ved sjukeheimane i hovudsak fungerer tilfredsstillande og med gjennomgåande gode mat- og måltidstenester. Dei leverer òg på spesialkost.
- Eldrerådet vil difor tilrå at kommunen opprettheld ein desentralisert kjøkkenstruktur ved dei aktuelle institusjonane, sjølv om det vert bygd eit nytt storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.
- Varm mat heim vil vere eit sentralt tilbod så lenge det er eit mål at eldre skal bu lengst mogleg i eigen heim. Den nye sjukeheimen må ha eit kjøkken som dekkjer aukande behov for slike tenester, samstundes som dei andre sjukeheimane dekkjer eigne nærmiljø. Sjukeheimane si kompetanse på eldre og ernæring må stå sentralt når desse tenestene skal

utviklast og gjennomførast. Eit nytt storkjøkken må ha kapasitet til å levere mat til heimebuande eldre og personar med funksjonsnedsetjing.

På denne bakgrunnen vil eldrerådet tilrå at punkt 1 i kommunedirektøren si innstilling får følgjande forsterka ordlyd:

- Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume, men vil halda fast på noverande ordning med desentraliserte kjøkken.

Kommunestyret 18.06.2026

Spørsmål Børge Haugetun SL-TVØ

Tednebakkane omsorgssenter vart bygd med fullt institusjonskjøkken og hadde tidlegare større kapasitet enn den som vert nytta i dag, mellom anna vart det over mange år servert mat ved store kommunale arrangement inkludert julemiddag til alle tilsette. Det vart også produsert mat til heimelevering for eldre.

Viser til følgjande omtala på side fire i rapport i sjukeheimsaka «Tednebakkane omsorgssenter har eit stort og godt utstyrt kjøkken med relativt avgrensa investeringsbehov i perioden. Kombinasjonen av oppgradert utstyr og ledig areal i nærleik av kjøkkenet gir eit større handlingsrom enn ved dei øvrige einingane. Kapasitetsvurderinga viser at kjøkkenet kan auka produksjonen betydeleg innanfor eksisterande rammer, med behov for ytterlegare ressursar ved vidare volumauke.»

Er det vurdert om det er mogleg å oppgradere eksisterande kjøkken på Tednebakkane omsorgssenter som alternativ til nytt sentralt storkjøkken ved den nye sjukeheimen?

Svar:

Dersom all middagsproduksjon for institusjonane i kommunen blir lagt til Tednebakkane omsorgssenter, må kjøkkenet produsere **323 middagsporsjonar per dag**. Dette er **266 fleire porsjonar per dag** enn dagens ordinære produksjon på 57 porsjonar. I tillegg kjem 40 porsjonar på helg levert til Kvednatunet. Når ny sjukeheim står ferdig aukar behovet med 80 + 40 porsjonar i tillegg

Det som er utgreidd i saka er at Tednebakkane kan doble dagens produksjon, i dette tilfellet er det snakk om fem dobling og ein har ikkje gått inn å konkret sett på dette som eit alternativ. I kva grad ein i framtida kan nytta fullt ut kapasitet ved Tednebakkane vert å kome attende til i ny sak om framtidig struktur av kjøkendrifta totalt i kommunen

Oversendingsforslag til levekårsutvalet Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Kommunestyret ber levekårsutvalet om å utgreia om bygging av ny sjukeheim kan planleggjast og byggjast for full kapasitet på 120 plassar frå oppstart, inkludert høve til å sikra statlege tilskot til heile prosjektet gjennom nye ordningar til Husbanken, samstundes som plassane vert tekne i bruk gradvis etter behov.

Endringsforslag Tom Georg Indrevik H

1. Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume.
2. Kommunestyret held fast på noverande ordning med desentraliserte kjøkken.

3. Kommunestyret legger til grunn at eit nytt kjøkken skal ha kapasitet til å levera middag til heimebuande eventuelt i samarbeid med private.
4. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med ei eiga sak om framtidig og samla kjøkkenstruktur i Øygarden kommune når arbeidet med prosjektering av den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig. Saka skal belysa alle aspekt vedrørande kvalitet, leveranse og beredskap.

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka, då Synne Nordøy (H) hadde permisjon.

Votering

Forslag frå Tom Georg Indrevik (H) - vart samrøystes vedteke.

Oversendingsforslag frå Marianne Sandahl Bjørøy (Ap) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 062/26

1. Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume.
2. Kommunestyret held fast på noverande ordning med desentraliserte kjøkken.
3. Kommunestyret legger til grunn at eit nytt kjøkken skal ha kapasitet til å levera middag til heimebuande eventuelt i samarbeid med private.
4. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med ei eiga sak om framtidig og samla kjøkkenstruktur i Øygarden kommune når arbeidet med prosjektering av den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig. Saka skal belysa alle aspekt vedrørande kvalitet, leveranse og beredskap.

063/26: Budsjettjusteringar 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Øygarden kommunestyre godkjenner desse budsjettjusteringane:

Tiltak	Meirutgifter/ mindreinntekter	Meirinntekter/ mindreutgifter
Rammetilskot		19 675 000
Auka skatteinntekt pga lønsoppgjer		2 500 000
Avsetnad lønsoppgjer	5 000 000	
Sentral særavtale, kompensasjon for langvakter	3 000 000	
Liggedøgn, utskrivingsklare pasienter t.o.m april	4 500 000	
Auka fire plassar Paviljongen frå 1.5	2 400 000	
Innsatsteam Heimetenesta frå 1.5	1 400 000	
Straumutgifter	3 825 000	
1,5 årsverk Familiehjelpa	1 200 000	
Tilskotsordning nyutdanna lærarar	350 000	

SFO, mindre inntekt enn budsjettet	500 000	
Tilskot nærmiljøtiltak Ekerhovd og Misje	2 200 000	
Bruk av disposisjonsfond		2 200 000
Sum	24 375 000	24 375 000

Formannskapet 09.06.2026

Endringsforslag Jan Utkilen SL-TVØ

1. Disposisjonsfondet vert ikkje nytta til å finansiere opp kvartalsrapporten for 1. kvartal.
2. Liggedøgn utskrivingsklare pasientar vert ikkje finansiert i denne revisjonen av budsjettet. Det vert å kome attende til ved handsaming av kvartalsrapporten for 3. kvartal.
3. Følgjande kortsiktige innsparingstiltaka i budsjettet 2025 vert lagt inn i budsjettet for 2026:

Tiltak	Meirutgifter	Mindreutgifter
Liggedøgn utskrivingsklare pasientar		4 500 000
Sommarjobb for ungdom	1 000 000	
Miljørettleiar i skulane	1 200 000	
5. trinn, overnattingstur Fjell festning	1 200 000	
Sum	3 600 000	4 500 000
Til disposisjonsfond	900 000	

4. Kommunestyret ber om det i samband med budsjettet for 2027 vert lagt fram ein tiltaksplan for å etablere fleire kommunale avlastningsplassar som eit alternativ til kjøp av eksterne plassar i statlege og private institusjonar.
5. Det samla sjukefråværet i kommune er framleis høgt med store skilnader mellom einingane. Kommunestyret vil difor vurdere å innhente ekstern bistand for å gjennomføre eit prøveprosjekt med «Beste praksis» som metode for å få ned sjukefråværet. Det vert fremma sak som drøfter gjennomføring av eit slikt prosjekt.

Tilleggsforslag frå H, FrP, KrF, V, Ap Nils Kåre Skoge H

1 million av utbyttet frå Eviny ASA blir disponert til ekstraordinær søknadsbasert støtte til frivillige lag og organisasjonar, retta mot tiltak for barn og unge. Levekårsutvalet får sak til første møte etter sommaren med forslag til tildelingskriterier.

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren med tilleggsforslag frå H, FrP, KrF, V, Ap fekk 10 stemmer og vart tilrådd.

Endringsforslag frå Jan Utkilen (SL-TVØ) - fekk 1 stemme (SL-TVØ) og fall.

Vedtak i Formannskapet 09.06.2026 - saksnr. 048/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

Øygarden kommunestyre godkjenner desse budsjettjusteringane:

Tiltak	Meirutgifter/ mindreinntekter	Meirinntekter/ mindreutgifter
Rammetilskot		19 675 000
Auka skatteinntekt pga lønsoppgjer		2 500 000
Avsetnad lønsoppgjer	5 000 000	
Sentral særavtale, kompensasjon for langvakter	3 000 000	
Liggedøgn, utskrivingsklare pasienter t.o.m april	4 500 000	
Auka fire plassar Paviljongen frå 1.5	2 400 000	
Innsatsteam Heimetenesta frå 1.5	1 400 000	
Straumutgifter	3 825 000	
1,5 årsverk Familiehjelpa	1 200 000	
Tilskotsordning nyutdanna lærarar	350 000	
SFO, mindre inntekt enn budsjettet	500 000	
Tilskot nærmiljøtiltak Ekerhovd og Misje	2 200 000	
Bruk av disposisjonsfond		2 200 000
Ekstraordinær søknadsbasert støtte til frivillige lag og organisasjonar, retta mot tiltak for barn og unge - Levekårsutvalet får sak til første møte etter sommaren med forslag til tildelingskriterier.	1 000 000	
Utbytte frå Eviny ASA		1 000 000
Sum	25 375 000	25 375 000

Kommunestyret 18.06.2026

Oversendingsforslag til formannskapet Jan Utkilen SL-TVØ

Kommunestyret ber om at det blir utarbeidd eit notat til budsjettseminaret i formannskapet i september, som skildrar kostnadr og moglegheiter for å etablera fleire kommunale avlastningsplassar som eit alternativ til kjøp av plassar i statlege og private institusjonar.

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) hadde permisjon.

Votering

Tilråding frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 063/26

Øygarden kommunestyre godkjenner desse budsjettjusteringane for 2026:

Tiltak	Meirutgifter/ mindreinntekter	Meirinntekter/ mindreutgifter
Rammetilskot		19 675 000
Auka skatteinntekt pga lønsoppgjer		2 500 000
Avsetnad lønsoppgjer	5 000 000	
Sentral særavtale, kompensasjon for langvakter	3 000 000	
Liggedøgn, utskrivingsklare pasienter t.o.m april	4 500 000	
Auka fire plassar Paviljongen frå 1.5	2 400 000	
Innsatsteam Heimetenesta frå 1.5	1 400 000	
Straumutgifter	3 825 000	
1,5 årsverk Familiehjelpa	1 200 000	
Tilskotsordning nyutdanna lærarar	350 000	
SFO, mindre inntekt enn budsjettert	500 000	
Tilskot nærmiljøtiltak Ekerhovd og Misje	2 200 000	
Bruk av disposisjonsfond		2 200 000
Ekstraordinær søknadsbasert støtte til frivillige lag og organisasjonar, retta mot tiltak for barn og unge - Levekårsutvalet får sak til første møte etter sommaren med forslag til tildelingskriterier.	1 000 000	
Utbytte frå Eviny ASA		1 000 000
Sum	25 375 000	25 375 000

064/26: Kostra-analyse 2025

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret tar kostra-analysen for 2025 til orientering, og ber om at denne vert lagt til grunn for arbeidet med økonomiplan 2027-2030.

Formannskapet 09.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 09.06.2026 - saksnr. 049/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

Kommunestyret tar kostra-analysen for 2025 til orientering, og ber om at denne vert lagt til grunn for arbeidet med økonomiplan 2027-2030.

Kommunestyret 18.06.2026

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 064/26

Kommunestyret tar kostra-analysen for 2025 til orientering, og ber om at denne vert lagt til grunn for arbeidet med økonomiplan 2027-2030.

065/26: Øygarden Bustadforvaltning KF - Årsmelding og Årsrekneskap for 2025

Forslag til vedtak

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årekneskap 2025 for Øygarden Bustadforvaltning KF
2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden Bustadforvaltning KF

Formannskapet 09.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 09.06.2026 - saksnr. 051/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årekneskap 2025 for Øygarden Bustadforvaltning KF
2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden Bustadforvaltning KF

Behandling i møtet

Habilitet

Nina Glesnes retta ein førespurnad om habilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd, då ho er administrativ leiar i selskapet. Kommunestyret innvilga førespurnaden samrøystes.

Det var 43 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 065/26

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årekneskap 2025 for Øygarden Bustadforvaltning KF
2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden Bustadforvaltning KF

066/26: Årsmelding og årsrekneskap 2025 for Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årsrekneskap og konsolidert årsrekneskap for 2025 for Øygarden kommune.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden kommune.

Formannskapet 09.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 09.06.2026 - saksnr. 052/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årsrekneskap og konsolidert årsrekneskap for 2025 for Øygarden kommune.

2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden kommune.

Kommunestyret 18.06.2026

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 066/26

1. Øygarden kommunestyre godkjenner årsrekneskap og konsolidert årsrekneskap for 2025 for Øygarden kommune.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner årsmelding 2025 for Øygarden kommune.

067/26: Fleksibelt barnehageopptak - prinsipp og moglegheiter

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vidareførar dagens ordning med eitt hovudopptak, med løpande opptak ved ledige plassar i kommunale barnehager resten av året.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren halda fram med å utvikla oversikta på heimesida til kommunen, slik at ho viser tilgjengelege barnehageplassar.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak samrøystes vedteke

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 024/26

Råd for personar med funksjonsnedsetjing har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vidareførar dagens ordning med eitt hovudopptak, med løpande opptak ved ledige plassar i kommunale barnehager resten av året.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren halda fram med å utvikla oversikta på heimesida til kommunen, slik at ho viser tilgjengelege barnehageplassar.

Kommunestyret 18.06.2026

Endringsforslag pkt. 1 frå Ap Stian Oen Ap

Kommunestyret ber om at det i budsjettet for 2027 vert sett av eit avgrensa tal plassar i tre kommunale barnehagar, til opptak av barn som fyller 1 år i perioden januar – mars.

Behandling i møtet

Det var 43 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) og Inge Kausland hadde permisjon.

Votering

Levekårsutvalet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) fekk 27 stemmer (FrP (7), (H (13), SL-TVØ (3), V (1), KrF (2), PP (1)) og vart vedteke.

Endringsforslag frå Ap fekk 16 stemmer (AP (7), INP (4), MDG (1), R (1), SP (1), SV (2)) og fall.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 067/26

1. Kommunestyret vidarefører dagens ordning med eitt hovudopptak, med løpande opptak ved ledige plassar i kommunale barnehager resten av året.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren halda fram med å utvikla oversikta på heimesida til kommunen, slik at ho viser tilgjengelege barnehageplassar.

068/26: Øygarden 2040 - oppdatert investerings- og driftsanalyse

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret tek saka til orientering som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med økonomiplan 2027–2030.
2. Kommunestyret ber om at konkrete tiltak for handtering av kortsiktige behov vert lagt fram som eigne politiske saker hausten 2026, med involvering av råd og utval.

Formannskapet 09.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 09.06.2026 - saksnr. 056/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret tek saka til orientering som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med økonomiplan 2027–2030.
2. Kommunestyret ber om at konkrete tiltak for handtering av kortsiktige behov vert lagt fram som eigne politiske saker hausten 2026, med involvering av råd og utval.

Kommunestyret 18.06.2026

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 068/26

1. Kommunestyret tek saka til orientering som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med økonomiplan 2027–2030.
2. Kommunestyret ber om at konkrete tiltak for handtering av kortsiktige behov vert lagt fram som eigne politiske saker hausten 2026, med involvering av råd og utval.

069/26: Tilslutning til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2027 - 2029

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret sluttar seg til handlingsprogrammet til Miljøløftet for 2027–2029, slik det ligg føre som vedlegg til saka.

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøytes tilrådd.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 037/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

Kommunestyret sluttar seg til handlingsprogrammet til Miljøløftet for 2027–2029, slik det ligg føre som vedlegg til saka.

Kommunestyret 18.06.2026

Behandling i møtet

Det var 43 representantar i møtet under behandling av denne saka då Eilert Hellesøy (KrF) og Ernst Einarsen (H) hadde permisjon.

Votering

Plan- og miljøutvalet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 069/26

Kommunestyret sluttar seg til handlingsprogrammet til Miljøløftet for 2027–2029, slik det ligg føre som vedlegg til saka.

070/26: Framskaffing av 40 omsorgsbustader – oppfølging av KS-sak 099/25

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

- Kommunestyret endrar punkt 2 i vedtaket i KS-sak 099/25 til:
«Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeida og kunngjera konkurranse for kjøp av nøkkelferdig prosjekt, i tråd med krav til investeringstilskot og mva-kompensasjon.»
- Kommunestyret legg til grunn at prosjektet skal ferdigstillast våren 2029.

Kommunestyret 18.06.2026

Tillegg til 1. kulepkt i innstillinga Jan Utkilen SL-TVØ

Tillegg til 1.kulepkt i innstillinga:

Kommunestyret ynskjer primært at prosjektet vert lagt til kommunedelsenteret på Ågotnes dersom det ikkje bryt med reglementet for offentleg anskaffing.

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Ernst Einarsen (H) hadde permisjon.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Jan Utkilen (SL-TVØ) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 070/26

- Kommunestyret vedtek å endra punkt 2 i vedtaket i KS-sak 099/25 til:
Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeida og kunngjera konkurranse for kjøp av nøkkelferdig prosjekt, i tråd med krav til investeringstilskot og mva-kompensasjon.
Kommunestyret ynskjer primært at prosjektet vert lagt til kommunedelsenteret på Ågotnes dersom det ikkje bryt med reglementet for offentleg anskaffing.
- Kommunestyret legg til grunn at prosjektet skal ferdigstillast våren 2029.

071/26: Sluttbehandling av detaljregulering for RAN seglbåthamn - GBNR 37/8 m.fl. - Anglavika

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-12, godkjenner kommunestyret detaljregulering for RAN seglbåthamn, gbnr. 37/8 m.fl. – Anglavika, PlanID: 20210007.

Følgjande dokument blir vedteke:

- Plankart, sist revidert 06.02.2026
- Føresegner, sist revidert 19.05.2026
- Planskilddring, sist revidert 19.05.2026

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 036/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-12, godkjenner kommunestyret detaljregulering for RAN seglbåthamn, gbnr. 37/8 m.fl. – Anglavika, PlanID: 20210007.

Følgjande dokument blir vedteke:

- Plankart, sist revidert 06.02.2026
- Føresegner, sist revidert 19.05.2026

- Planskildring, sist revidert 19.05.2026

Kommunestyret 18.06.2026

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Ernst Einarsen (H) hadde permisjon.

Votering

Plan- og miljøutvalet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 071/26

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-12, godkjenner kommunestyret detaljregulering for RAN seglbåthamn, gbnr. 37/8 m.fl. – Anglavika, PlanID: 20210007.

Følgjande dokument blir vedteke:

- Plankart, sist revidert 06.02.2026
- Føresegner, sist revidert 19.05.2026
- Planskildring, sist revidert 19.05.2026

072/26: Rådhusomtå - Oppstart av salsprosess

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren å starta salsprosessen, gjennomføra forhandlingar og henta inn bod frå interessentar.
2. Kommunestyret skal godkjenna eit endeleg sal.

Formannskapet 09.06.2026

Endringsforslag Jan Utkilen SL-TVØ

1. Det har lenge vore ein politisk intensjon om å få å plass eit nytt administrasjonsbygg på Stovevatnet som eit signalbygg for kommunen til erstatning for rådhuset på Straume. Dette må sjåast i samanheng med planlegging av ny vidaregåande skule. Sal av rådhuset vert difor utsett til etter kommunevalet i 2027.

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren fekk 10 stemmer (Ap (2), FrP (1), H (4), INP (1), KrF (1), SV (1)) og vart tilrådd.

Forslag frå Jan Utkilen (SL-TVØ) fekk 1 stemme (SL-TVØ) og fall.

Vedtak i Formannskapet 09.06.2026 - saksnr. 055/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren å starta salsprosessen av rådhuset, gjennomføra forhandlingar og henta inn bod frå interessentar.
2. Kommunestyret skal godkjenna eit endeleg sal.

Kommunestyret 18.06.2026

Endringsforslag Jan Utkilen SL-TVØ

Det har lenge vert ein politisk intensjon om å få å plass eit nytt administrasjonsbygg på Stovevatnet som eit signalbygg for kommunen til erstatning for rådhuset på Straume. Dette må sjåast i samanheng med planlegging av ny vidaregåande skule. Sal av rådhuset vert difor utsett til etter kommunevalet i 2027.

Tilleggsforslag - nytt punkt 3 frå MDG Andreas Ormevik MDG

3. Kommunestyret ber om at det i det vidare arbeidet blir vurdert å sette krav i salsprosessen til at det på tomte skal byggjast med god variasjon i bustadtyper tilpassa folk i alle aldrar og fasar av livet.

Tilleggsforslag - nytt punkt 4 frå H, FrP, KrF, SL-TVØ, PP, V Nils Kåre Skoge H

4. Kommunestyret ber om at kommunen knytter til seg relevant ekstern kompetanse i prosessen.

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Ernst Einarsen (H) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding fekk 42 stemmer (AP (7), INP (4), MDG (1), PP (1), R (1), SP (1), SV (2), H (14), FrP (7), Børge Haugetun (SL-TVØ), V (1), KrF (3)) og vart vedteke.

Forslag frå Andreas (MDG) - nytt punkt 3 - fekk 42 stemmer (AP (7), INP (4), MDG (1), PP (1), R (1), SP (1), SV (2), H (14), FrP (7), Børge Haugetun (SL-TVØ), V (1), KrF (3)) og vart vedteke.

Tilleggsforslag frå H, FrP, KrF, SL-TVØ, PP, V - nytt punkt 4 fekk 42 stemmer (AP (7), INP (4), MDG (1), PP (1), R (1), SP (1), SV (2), H (14), FrP (7), Børge Haugetun (SL-TVØ), V (1), KrF (3)) og vart vedteke.

Forslag frå Jan Utkilen (SL-TVØ) fekk 2 stemmer (Jan Utkilen (SL-TVØ), Nina Glesnes (SL-TVØ)) og fall.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 072/26

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren å starta salsprosessen, gjennomføra forhandlingar og henta inn bod frå interessentar.
2. Kommunestyret skal godkjenna eit endeleg sal.

3. Kommunestyret ber om at det i det vidare arbeidet blir vurdert å sette krav i salsprosessen til at det på tomte skal byggjast med god variasjon i bustadtyper tilpassa folk i alle aldrar og fasar av livet.
4. Kommunestyret ber om at kommunen knytter til seg relevant ekstern kompetanse i prosessen.

073/26: Flytting av politisk møteverksemd

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek å flytta den politiske møteverksemda til Rong kommunedelsenter innan andre kvartal 2027.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren evaluera ordninga ved slutten av valperioden i 2031.
3. Kostnadene ved flyttinga, kr 3 000 000, skal innarbeidast i budsjettet for 2027.

Formannskapet 09.06.2026

Endringforslag Jan Utkilen SL-TVØ

1. Prosessen med flytting av politisk møteverksemd til Rong vert utsett til eit eventuelt sal av Rådhus på Straume vert aktuelt. Politisk møteverksemd vert på sikt prioritert lagt til nytt kulturhus ved Stovevatnet.

Behandling i møtet

Orientering

Kommunedirektør Johnny Breivik orienterte om saka og svarte på spørsmål frå formannskapet. Presentasjon vert vedlagt denne saka.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Forslag frå Jan Utkilen (SL-TVØ) fekk 1 stemme (SL-TVØ) og fall.

Vedtak i Formannskapet 09.06.2026 - saksnr. 054/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek å flytta den politiske møteverksemda til Rong kommunedelsenter innan andre kvartal 2027.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren evaluera ordninga ved slutten av valperioden i 2031.

3. Kostnadene ved flyttinga, kr 3 000 000, skal innarbeidast i budsjettet for 2027.

Kommunestyret 18.06.2026

Tilleggsforslag - Tillegg til pkt 1 i innstillinga - FORSLAGET VERT TREKT Jan Utkilen SL-TVØ

Tillegg til pkt 1 i innstillinga

..., men det føreset at det vert tilgjengelege møterom for politisk verksemd på Straume.

Tilleggsforslag - Nytt punkt 4 frå FrP, KrF, PP, V Kristin Børve Jacobsen FrP

4. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja til rette for at råda kan halda møte i lokala til kommunen på Straume.

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Ernst Einarsen (H) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding - punkt 1-3 (lik kommunedirektøren sitt forslag) - vart samrøytes vedteke.

Nytt punkt 4 frå frå FrP, KrF, PP, V - fekk 31 stemmer (H (13), FrP (7), SL-TVØ (3), V (1), KrF (3), PP (1), MDG (1), SV (2)) og vart vedteke.

Tillegg til pkt 1 i innstillinga frå Jan Utkilen - Forslaget vart trekt

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 073/26

1. Kommunestyret vedtek å flytta den politiske møteverksemda til Rong kommunedelsenter innan andre kvartal 2027.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren evaluera ordninga ved slutten av valperioden i 2031.
3. Kostnadene ved flyttinga, kr 3 000 000, skal innarbeidast i budsjettet for 2027.

074/26: Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Øygarden kommune vedtar endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap.

Formannskapet 09.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 09.06.2026 - saksnr. 053/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Øygarden kommunestyre vedtar endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap.

Kommunestyret 18.06.2026

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Ernst Einarsen (H) hadde permisjon.

Votering

Formannskapet si tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 074/26

1. Øygarden kommunestyre vedtar endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap.

075/26: Uttale til Statnett si utgreiing av nye sørlege traséalternativ mellom Samnanger og Øygarden transformatorstasjonar

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret meiner det hastar å få på plass ein 3`dje forbindelse inn til regionen. Ny forsyningslinje frå Samnanger til Øygarden transformatorstasjon er avgjerande i høve forsyningstryggleik, vidare industriutvikling og beredskapsomsyn.
2. Kommunestyret meiner det er avgjerande for framdrifta til prosjektet at NVE i utgreiingsprogrammet no avgrensar vidare arbeid til Statnett sine tilrådde alternativ i meldinga frå 2024.

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Ernst Einarsen (H) hadde permisjon.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 075/26

1. Kommunestyret meiner det hastar å få på plass ein 3`dje forbindelse inn til regionen. Ny forsyningslinje frå Samnanger til Øygarden transformatorstasjon er avgjerande i høve forsyningsstryggleik, vidare industriutvikling og beredskapsomsyn.
2. Kommunestyret meiner det er avgjerande for framdrifta til prosjektet at NVE i utgreiingsprogrammet no avgrensar vidare arbeid til Statnett sine tilrådde alternativ i meldinga frå 2024.

076/26: Fritak frå politiske verv og suppleringsval – Hanne Vik Skare (FrP)

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Fritak

Med heimel i kommunelova § 7-9 får Hanne Vik Skare (FrP) fritak frå sine politiske verv frå vedtaksdato og ut kommunestyreperioden 2023–2027.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing- nytt medlem

Med heimel i kommunelova § 7-10 fjerde ledd vel kommunestyret følgjande varamedlem frå Fremskrittspartiet:

- namn vert fylt inn i møtet

Kommunestyret - opprykk

Med heimel i kommunelova § 7-10 tredje ledd rykker Torgeir Forland opp som 10. varamedlem for Fremskrittspartiet i kommunestyret.

Kommunestyret 18.06.2026

Varamedlem RFF Kristin Børve Jacobsen FrP

Med heimel i kommunelova § 7 - 10 fjerde ledd vel kommunestyret følgjande varamedlem frå Fremskrittspartiet - Svein Otto Jacobsen

Behandling i møtet

Det var 44 representantar i møtet under behandling av denne saka då Ernst Einarsen (H) hadde permisjon.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren og forslag frå FrP vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 076/26

Fritak

Med heimel i kommunelova § 7-9 får Hanne Vik Skare (FrP) fritak frå sine politiske verv frå vedtaksdato og ut kommunestyreperioden 2023–2027.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing- 1. varamedlem for dei politiske partia

Med heimel i kommunelova § 7-10 fjerde ledd vel kommunestyret følgjande 1. varamedlem frå Fremskrittspartiet:

- Svein Otto Jacobsen

Kommunestyret - opprykk

Med heimel i kommunelova § 7-10 tredje ledd rykker Torgeir Forland opp som 10. varamedlem for Fremskrittspartiet i kommunestyret.

077/26: Interpellasjonar og spørsmål

Innstilling til vedtak

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Kommunestyret 18.06.2026

Interpellasjon Michael Sangolt H

I Vestnytt 19. mars og 15. april kjem det fram at kommunen ikkje har noko formeining om korleis ein skal løyse utfordringane knytt til ny kollektivterminal og kryssløysingar inn mot sentrum. Problemstillinga blei påpeika i møte med næringslivsaktørane i Straume i fellesmøte knytt til analysa «Mobilitet og trafikk på Straume» hausten 2024.

I artikkelen frå 15. april er haldninga frå administrasjonen at det «er naturleg at det må bli mange mellombels løysingar i dei ulike fasane», og vidare at «kommunen har ikkje har konkrete svar på desse utfordringane...». Konklusjonen er at «Det er først når ein får gjennomgangstrafikken i tunnel under Straume at ein for alvor kan endra på trafikkmønsteret over bakken,...»

I denne saka viser alle trafikkanalysar at det blir ei dramatisk endring allereie frå tidleg fase etter at hovudvegen er opna. Det mest dramatiske vil vere knytt til dei to rundkøyringane som skal endrast til T-kryss med langt lågare kapasitet enn dagens løysing. Det vil også bli store utfordringar knytt til flytting av kollektivterminalen som følgje at omarbeidinga av kryssa inneber at armen inn mot eksisterande terminal blir fjerna, samt at vegen i området skal løftast over dagens nivå.

Det synes som om det ikkje er vilje frå Statens vegvesen (SVV) si side å vise korleis dei har tenkt å løyse dette, og ein må spørje seg om dei faktisk har ein plan for dette. På bakgrunn av dette har eg følgjande spørsmål til ordføraren:

Vil ordføraren be SVV om å avklare korleis dette skal løysast midlertidig og endeleg ut frå dei nye analysane som er vist til i dei nemnde artiklane i Vestnytt?

Dersom ordføraren tek eit slik initiativ, vil han då be om at SVV utarbeider ei tidslinje som viser dei ulike midlertidige fasane, kva tiltak dei inneheld, samt tidfeste desse.

Vil ordføraren be om at SVV på nytt greier ut om dei planlagde kryssa er ei løysing som tener Straume sentrum ettersom det nå viser seg at tilkomsten frå vest blir større på tilkomstvegen over den eksisterande brua enn det ein hadde føresett?

Svar:

Ordføraren vil ta initiativ til eit møte med Statens vegvesen for å få nærare avklaringar knytt til trafikk- og kollektivløysingane på Straume, både i mellombelse fasar og som endeleg løysing.

I tillegg vil ordføraren be Statens vegvesen om å utarbeide ei skriftleg redegjerd som gjer greie for planlagde løysingar, fasar og tiltak. Denne redegjerda skal leggjast fram for plan- og miljøutvalet.

Spørsmål som mangla svar i formannskapet 09.06.26 Jan Utkilen SL-TVØ

1. Terna barnehage på Rong skal byggast om for 67 mill kroner til bustader for unge vaksne med spesielle behov. I media kan ein lese at Torsbygg har fått oppdraget. Spørsmålet er om byggeprosjektet har vært ute på anbod, og i så fall var det mange som melde si interesse?

Svar:

Byggeprosjekt har vore ute på anbod i samsvar med lov om offentlege anskaffingar. I konkurransen kom det inn 3 tilbod. Torsbygg vann konkurransen og er tildelt oppdraget.

2. Kva er anbodssummen på?

Svar:

Utbyggingsavdelinga har gjeve PMU løypande orienteringar kring prosjektet. Det ble haldt ei eige presentasjon til utvalet 02.10.2025 der løysing med teikningar vert presentert. Presentasjonen finn ein vedlagt det aktuelle møte.

Vedteken budsjettramme for ombygging av Terna er på 67 MNOK.

Entrepriseverdien/kontraktsverdien for ombygginga med Torsbygg er på 36 MNOK ekskl. mva. I tillegg til entreprisekostnaden kjem byggherrerelaterte kostnader knytt til inventar, moms, byggelånsrente, prosjektleiing, IKT tilrettelegging, velferdsteknologi. Det er også avsett midlar til usikkerheit og forventa tillegg. Det venta at prosjektet vil bli løyst innafor budsjettramma sett av kommunestyret.

Kommunen har fått tilsagn om investeringstilskot frå Husbanken på 15.376.000 kroner. Fråtrekt Husbankstøtte og moms vil kommunen sin langsiktige finansieringsbehov vere på om lag 39 MNOK

Ombygging av Terna barnehage - oppfølgingsspørsmål Jan Utkilen SL-TVØ

Syner til spørsmål i formanskapet om kostnadene ved ombygginga av Terna Barnehage. Spørsmålet blei svart ut i kommunestyret den 18.juni i år. Svaret er vanskeleg å forstå. Anbudet er på 36 MNOK. Kommunen får ca 15mill i tilskot frå Husbanken. Fråtrekt Husbankstøtte og moms vil kommunen sin langsiktige finansieringsbehov vere på om lag 39 MNOK.

Er det slik å forstå at kommunen investeringsbehov er 39 MNOK sett i forhold til investeringsmidlar som er avsett i økonomiplanen? Betyr det at 28 MNOK kan overførast anna formål?

Svar:

Svar vert gitt i neste møte

Spørsmål som mangla svar i formannskapet 09.06.26 Jan Utkilen SL-TVØ

Vasshilderen Burettslag blei oppretta med tilskot frå Husbanken og med kommunal tildelingsrett for 20 år sida. Styret ynskjer nå å gjennomføre vedtektsendringar som vil innebære at det ikkje lenger vil være noko prisregulering eller andre krav til kjøpar av bustader, men då må kommunen seie frå seg tildelingsretten. Kommunen mister i så fall den årlege rentekompensasjonen. Dette må kommunen ta stilling til. Når kan Vasshilderen Burettslag forvente å få dette avklart?

Svar:

Øygarden kommune ønsker ikkje å godkjenna endring i vedtektene. Ei endring vil medføre at kommunen mistar rentekompensasjonen frå og med 2026. Samstundes vil det opna for at bustadene kan nyttast til ei anna målgruppe enn det som låg til grunn då bustadene vart etablerte.

Prisreguleringsklausulen gjeld i 30 år. Avtalen er framleis gyldig og ligg i vedtektene til burettslaget.

Husbanken har tidlegare svart burettslaget slik:

«Vi gjer likevel merksam på at tildelingsretten til kommunen skulle gjelda i minst 20 år. Øygarden kommune får difor utbetalt årleg rentekompensasjon i ytterlegare ni år. Endringar i vedtektene vil føra til at kommunen mistar denne rentekompensasjonen frå og med 2026. Rentekompensasjonen utgjer årleg kr 376 667 pluss renter. Prognosen for utbetaling til kommunen i 2026 er om lag kr 500 000.»

Kommunen vil snarleg senda eit formelt svar til Vasshilderen burettslag.

Status på Øygardskabelen Ingvill Kvalsnes Blom KrF

Ting tek tid, men Øygardskabelen i nordre del av kommunen har blitt krevande for dei som bur der. Det er nye lysreguleringar, nye stopp og utfordringar med lys som ikkje fungerer t.d. i regnver. Å forflytta seg tek mykje tid. Kva er status i arbeidet med Øygardskabelen?

Svar:

Øygardskabelen 2 er eit komplekst prosjekt som grunna arbeid nær og i eksisterande vegbane påverkar trafikkavviklinga. Lysreguleringane vert flytta avhengig av kvar på strekninga arbeidet pågår. Status for prosjektet er at ein stort sett er ferdig med kabelgrøftene, og arbeid med kabelinstallasjon med trekking, skjøting og testing pågår for fullt. Etter planen er denne fasen ferdig innan utgangen av første kvartal 2027, medan heile prosjektet med tilbakeføring og avsluttande arbeid etter framdriftsplanen skal vera ferdig 4 kvartal 2027.

Spørsmål Elisabeth H. K. Lie R

Eidesjøen grendalag har hatt kontakt med kommunen om å overta tomta der gamle Pollen skule var. Kommunen har vise teikningar med ein møteplass for innbyggjarane. Planane har stoppa opp og grendalaget ventar på svar. Er det ein plan vidare med møteplassen og tomta? Er det private kjøparar som vurderer å kjøpe tomta?

Svar:

Administrasjonen er i dialog med grendalaget, og det er avtalt møte i august mellom kommunen og grendalaget. I dette møtet vil ein mellom anna sjå nærare på moglegheiter for ei disponeringsavtale for eigedomen.

Det er per i dag ikkje sett av midlar i budsjettet til etablering av ein fysisk møteplass på Pollen. Administrasjonen har samstundes motteke førespurnader knytte til mogleg kjøp av eigedomen.

Eit eventuelt sal av eigedomen vil krevje ny politisk behandling. Etter gjennomført dialog med grendalaget vil administrasjonen førebu ei sak til politisk behandling, der ein tek stilling til vidare bruk av eigedomen.

Spørsmål - status robustbustader Robert Lund INP

Er det kome nokon oppdateringar i saka om robustbustader?

Svar:

Det er ikkje noko nytt sidan vi svarte i formannskapet sist veke. Vi har plassert éin av seks bustader. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe arbeider med å plassera dei fem andre. Gruppa har neste møte i morgon. Vi arbeider med konkrete tomter. Øygarden bustadforvaltning KF avklarar tekniske forhold før vi går vidare.

Spørsmål - kommunal tomt i Skogsskiftet Nils Kåre Skoge H

1. desember 2025 vedtok kommunestyret å leggja den kommunale tomta nord for kommunehuset på Skogsskiftet ut for sal i den opne marknaden.

Når vil dette verta gjennomført? Vil kommunen henta inn tilbod frå eigedomsmeklar for sal av tomta?

Svar:

Kommunestyret fatta i desember 2025 vedtak om at parsell av gbnr. 150/57 vert lagt ut for sal på den opne marknaden. Administrasjonen har i ettertid av dette vedtaket søkt om dispensasjon for frådelling av arealet. Dette blei nyleg gitt og vi ventar no på oppmåling. Når dette er på plass vil vi ta kontakt med meklar for å legge eigedomen ut i marknaden. Dette vil skje i haust.

Kvifor må rutebussen gå via blommen og kolltveit tunellen Sølvi Kobbeltvedt Sp

Rutebussen går i dag via blommen og Kolltveit-tunellen i staden for å nytte seg av muligheten til å kjøre ned Bildøybakken. Dette betyr at bussen brukar 20-30 min lenger på å komme seg til Straume i rushtida. Kvifor gjer den det? Om ein hadde ruta den ned Bildøybakken hadde kanskje fleire tatt bussen.

Svar:

Svar vert gitt i neste møte

Det gamle skulebygget på Toftøy Andreas Kallekleiv H

Det gamle skulebygget vart stengt ned for ei stund sidan grunna høge radonverdiar. Er det mogleg å gjere noko med dette på ein enkel måte? Kva er planane til kommunen vidare med bygget? Dersom ein ikkje har tenkt å gjere noko med dette, kunne ein fått ein sak der ein vurderer å rive gamlebygget med unntak av gymsalbygget?

Svar:

Svar vert gitt i neste møte

Fjell ungdomsskule - manglar område til kroppsøving Nils Kåre Skoge H

Fjell ungdomsskule manglar eigna område til å gjennomføra kroppsøving. Slik har situasjonen vore i over eit halvt år. Skulen har fleire gonger teke kontakt, men har framleis ikkje fått svar. Dette skapar stor frustrasjon hos både elevar og lærarar. Til hausten kjem det om lag 520 elevar ved skulen. Kva er planen for å løysa dette?

Svar:

Svar vert gitt i neste møte.

Behandling i møtet

Spørsmål og svar vart presentert i møtet.

Vedtak i Kommunestyret 18.06.2026 - saksnr. 077/26

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

**078/26: Anbud - pensjonsleverandør for Øygarden kommune frå 01.01.27 -
behandling i saka er unnateke offentlegheit**